

Kleppe skule

Skulebasert praksisplan

2026-2027



Velkommen som student på

Kleppe skule



Velkommen til Kleppe skule



Dette heftet vil gi deg ein del informasjon som du kan ha nytte av i praksisperioden. For oss er det viktig at du får mykje igjen for den tida du er her på skulen. Det er viktig at du bruker tida godt til læring, refleksjon, spørsmål og diskusjon. Heile skulen er ein praksisskule. Det betyr at sjølv om vi har nokre lærarar som er praksislærarar, så er heile skulepersonalet med i prosessen med å gi gode praksisperiodar til dykk studentar.

Vi ønskjer deg lykke til med praksistida ved Kleppe skule.

Kleppe skule august 2026



Innholdsliste

Innholdsliste	3
Om Kleppe skule	4
Helsing frå rektor	5
Praktiske opplysningar	6
Kart.....	6
Nøkkelpersonar:	7
Slik har vi det på Kleppe skule.....	8
God undervisning og læring på Kleppe skule:	8
Rutinar ved Kleppe skule:	9
Rammer for praksis	10
Den skulebaserte praksisplanen	11
Variert, rettleidd og vurdert praksis	11
Vurdert praksis	12



«Saman om ein god start»

Inkludering Mestring Framtidsretta

Om Kleppe skule

Kleppe skule er ein barneskule i Klepp kommune. Vi har omlag 460 elevar og 80 tilsette. Vår visjon er: Saman om ein god start. Desse tre orda beskriv det vi meiner er viktig på skulen vår: Mestring, inkludering og framtidsretta. På skulen vår har vi Språkstasjon for 1.-7.trinn i heile kommunen.

Eit tydeleg kjenneteikn på skulen vår er vektlegging av kollegialt samarbeid og kultur for deling. Lærarane på dei ulike trinna samarbeidar tett om årsplanar og periodeplanar, prøver, sosiale tiltak og vurdering/evaluering.

Kleppe skule har i samarbeid med UIS blitt praksiskule for første gong hausten 2026, og vi har kompetente og erfarne praksislærarar som saman med elevar og lærarar ser fram til å ta imot nye studentar dette skuleåret!

Satsingsområda våre er:

- Trygt og inkluderande læringsmiljø
- Grunnleggjande ferdigheiter

Målet vårt er at alle elevar skal få ein god start i livet, at vi er saman om ein god start der inkludering og mestring har hovudfokus i ein framtidsretta skule.

Klepp kommune bruker Ipad (læringsbrett) som verktøy. I dag har alle elevar tilgang til kvar sin digitale eining. Alle undervisningsrom har tilgang til trådlause nettverk og elevane har tilgang til ulike digitale verktøy. Det er installert Apple TV/Ctouch i alle klasserom.

Kleppe Skule har eit stort og variert uteområde med 2 ballbingar, kunstgrasbane, spacenett, klatrehindreløype, slengdisse, rutsjebane, sandbasseng o.l.



Vi er omlag 80 tilsette fordelt på lærarar og miljøpersonell. Vi har mange yrkesgrupper i skulen vår, og er opptekne av mangfald og variert utdanning i personalet.

Administrasjonen består av rektor, tre avdelingsleiarar, SFO-leiar to sosialrådgjevarar og skulekonsulent.

På skulen vår har vi Språkstasjon for 1. -7. trinn for heile kommunen, her lærar elevane norsk det første året etter at dei er komne til landet. Vi er organisert i trinn og har fokus på godt trinnsamarbeid og felles trinntenking.

Kleppe skule har eigen SFO-avdeling med SFO-leiar og miljøperonal. SFO har omlag 150 barn og er delt inn i tre avdelingar.

Helsing frå rektor

Velkommen i praksis på Kleppe skule! Vi gler oss til å ta imot deg og gje deg ein god start i lærarutdanninga. Du utdannar deg til ein av dei viktigaste jobbane vi har i samfunnet, det er givande, spennande, interessant og lærerikt å vere lærar. Saman skal vi hjepe deg til å få ein god start på lærarkarriera, vi er alle her for å hjelpe og ser fram til å ta imot deg som student her på Kleppe.

Lukke til med praksisperioden!

Vennleg helsing rektor

Sylvia Gjersdal



Praktiske opplysninger

Besøksadresse: Viervegen 10, 4351 Kleppe

Tlf. resepsjon: 51 78 93 00


Heimeside: <https://minskule.no/kleppe>

E-post: kleppe.skule@klepp.kommune.no

Tilkomst bil/parkering: Kjør E39 mot Sandnes/Bryne. Ta av mot Kleppe på Rv44. Følg skilting mot Kleppe sentrum. Kjør til Stasjonsvegen i Kleppe. Parker på nedsida av idrettsanlegg til venstre.

Tilkomst buss: Frå Sandnes rute 52, haldeplass «Kleppeholen/Klepp everk» eller X44, haldeplass «Kleppekrossen». Frå Bryne rute 52, haldeplass «Kleppe Skule»

Kart



Nøkkelpersonar:

Rolle	Namn	Telefonnummer	E-post
Praksislærer	Åse Hobberstad Hetland	91 73 32 10	ase.hetland@klepp.kommune.no
Praksislærer	Mette Hagen Junge	47 26 22 08	Mette.Hagen.Junge@klepp.kommune.no
Praksislærer	Helle Sæve	98 46 43 97	Helle.Save@klepp.kommune.no
Praksislærer	Elisabeth Lunde Bræin	90 41 46 5	Elisabet.Lunde.Brein@klepp.kommune.no
Rektor	Sylvia Gjersdal	92 83 97 67	Sylvia.Gjersdal@klepp.kommune.no
Avdelingsleiar 1.-2.trinn	Eileen Lebius	41 39 35 13	Eileen.Lebius@klepp.kommune.no
Avdelingsleiar 3.-4.trinn + språkstasjon	Per Magne Gudvangen	99 79 13 20	Per.Magne.Gudvangen@klepp.kommune.no
Avdelingsleiar 5.-7.trinn.	Linda Thu	94 78 96 04	Linda.Thu@klepp.kommune.no
Skulekonsulent	Kine Lindal	92 43 77 20	Kine.Lindal@klepp.kommune.no



- Arbeidstid:
 - Vi møter på jobb kl. 08.00
 - Møter elevane i klasseromma kl.08.05
 - Måndag: Møte på eige trinn kl.13:45-15:30.
 - Tysdag: PLF-tid kl.12:30-15:10.
- Fråvær: Eventuelt fråvær blir seinast meldt kl. 07.20 til praksislærer eller til skulen
51 78 93 00
- Arbeidsrom : Studentane disponerer eige arbeidsrom i praksisperioden (v/ bibliotek)
- Personalrom:
 - Personalrommet benyttes til pausar og måltid.
 - Vi ønsker at pauserommet i størst mogleg grad skal vere mobilfritt slik at vi kan bruke pausane til å vere saman og ha gode samtalar.
 - Vi omtalar ikkje elevar høglytt på personalrom eller i gangane.

Slik har vi det på Kleppe skule

God undervisning og læring på Kleppe skule:

- Læraren er tilstade når undervisningsøkta startar.
- Elevane kjenner læringsmålet for læringsøkta.
- Læraren vektlegg det som gjev læring og stiller faglege krav til elevane.
- Læraren leiar elevane med engasjement, autoritet og oppdatering.
- Det er ein positiv og støttande relasjon mellom elev og lærar.
- Elevane arbeider med lærestoff som krev innsats og som utfordrar.
- Elevane er aktive i læringsarbeidet.
- Elevane får konstruktiv og læringsstøttande undervegsvurdering med framovermeldingar.
- Læringsøkta blir avslutta med refleksjon kring kva som er lært.



- Felles innhald i utviklingssamtalen med føresette med tilbake- og framovermeldingar.
- Foreldre/føresette støttar opp om læringsarbeidet.
- Skuleleiinga er støttande i læringsarbeidet.



Rutinar ved Kleppe skule:

- Elevane skal som ein hovudregel nytta den inngangen/utgangen som er nærast klasserommet.
- Elevinngang vert opplåst kl.8:05 kvar morgon av ein vaksen på trinnet.
- Det er 2 vaksne frå kvart trinn som møter elevane sine kl.08:05 kvar morgon.
- Dersom ikkje anna er avtalt, skal alle elevane vere ute i friminutta. Lærarar som gir elevar lov til å vera inne, (ved særskilte høve) skal skriva dette på tavla.
- Spesialrom er ikkje opne for elevane i friminutta.
- Elevar som oppheld seg på eit område ute som dei ikkje naturleg høyrer til, kan visast bort dersom dei oppfører seg truande overfor dei som er yngre.
- Elevrådet diskuterer og bestemmer banefordeling og reglar for desse.
- Det er berre lov å sparke ball mot vegg som ikkje har vindu og der det ikkje er til fare for andre.
- Bruk av ball er kun tillete ute.
- Syklar skal stå på høveleg sykkelparkering i skuletida. Ta omsyn til barna i SFO når du syklar heim etter skuleslutt.
- Det er lov å sykla til og frå skulen etter avlagt sykkelprøve i 4.klasse.
- Bruk av rulleskeiser, rullebrett, sparkesykkel og liknande har elevrådet laga egne reglar for.
- Mot D-bygget er det berre lov å ake på buksebaken.
- Aking med brett, akebrett og andre ting skal gjerast mot rundkjøring/ballbinge.
- Snøballkasting er kun tillatt med eigen klasse og om lærar eller annan vaksen tillet det.
- Alle må bidra til at det er reint og ryddig ute og inne.
- Klassane ryddar uteområda etter oppsett plan. Kvar klasse får om lag 2 veker kvart skuleår som dei har ansvar for å rydda.



- Elevane moppar klassromma etter endt skuledag.
- Inne i klasseromma etter endt skuledag.
- Det er ikkje lov å ha snop på skulen-
- Elevane har ikkje lov å bruke mobiltelefon i skuletida eller på SFO.
- Det er ikkje lov å bruke lue/caps inne.
- Når elevar sykklar i regi av skulen, skal det brukast hjelm.



Rammer for praksis

- Arbeidstida di som student er frå 08.00-16.00. I tillegg kjem tid til førebuingar åleine og i grupper, og til å vere med på møte på skulen ettermiddag og kveld.
- 20 timar i veka til undervisningsrelatert arbeid. Desse timane skal du vere til stades i klasserommet saman med elevane.
- Observasjonsveka har nærvær kl. 08.00 -15.00 på praksisskulen.
- 10-15 timar i veka til ulike former for læring og rettleiing. Denne tida blir brukt til orientering om skuleverksemda, deltaking i møte og trinnsamarbeid, andre fora for samarbeid, og dessutan rettleiing enkeltvis og i grupper.
- Me kler oss anstendig; eks. ingen kaps/lue inne.
- Lærarane står klare i klasserommet når elevane kjem inn.
- Ingen forlèt skulen sitt område i arbeidstida utan at det er avtalt.
- Alle må sjølv ta med nødvendig utstyr/klede/sko til uteskule, symjeundervisning, gym osv.
- Mobilen kan takast med i klasserommet til pedagogisk og beredskapsmessig bruk, men skal vere på lydlaus.
- Skulereglane gjeld for alle i skulemiljøet.
- Det er totalforbod mot tobakk/snus/alkohol i skuleområdet



Den skulebaserte praksisplanen

Målet vårt for praksisopplæringa er å bidra til ei einskapleg og samanhengande lærarutdanning i samarbeid med UIS og deg. Det vil vi gjere gjennom å leggje til rette for at du skal oppleve samheng mellom teori i studiet ditt og utøvinga til læraren av profesjonen sin i praksis. Desse samhengane vil vi synleggjere for deg i samsvar med Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskulelærarutdanningane, Nasjonale retningslinjer for GLU 1.-7. trinn og GLU 5.-10. trinn.

Variert, rettleidd og vurdert praksis

I praksisperioden skal vi leggje til rette for at du gradvis tileignar deg kunnskap, ferdigheiter og kompetanse gjennom variert-, rettleidd- og vurdert praksis.

Variert praksis

Praksisen din skal vere variert. Du skal få høve til å prøve deg sjølv ut i eit variert spekter av aktivitetar og situasjonar i skulekvardagen. Gjennom å samarbeide med medstudentane dine, praksislæraren din og praksisskulelærarane våre vil du få høve til å vere tillate, observere og undervise i ulike klassar på ulike trinn og i ulike fag. I samarbeid med praksislæraren din vil ditt ansvar bli utvida slik at progresjonen i praksis blir tilpassa deg. Enkelte av aktivitetane vil bli gitt deg av praksislærar, men du vil også få høve til å komme med eigne ønske i forhold til kva slags oppgåver du ønskjer å prøve ut i praksisperioden din.

Rettleia praksis

Du skal få rettleiing i praksisen din på Kleppe skule. Denne rettleiinga blir i hovudsak gitt av praksislærar, men du vil også bli rettleia av dei andre praksisskulelærarane og av medstudentane dine. Du vil også sjølv få høve til å rettleie. I forkant av undervisninga di vil du få rettleiing av praksislærar på dei didaktiske planane du har for undervisninga di. I etterkant av undervisningsøktene dine vil du få rettleiing av både praksislærar og medstudentar. Vi set av tid undervegs til rettleiingssamtalar der du og praksislæraren din skal samtale om korleis du ligg an i forhold til dei måla som UIS har sett for praksis. Dersom du ligg an til å ikkje nå eitt eller fleire av desse måla skal praksislæraren din ha ein samtale med deg og de skal saman lage ein plan for korleis du skal nå desse måla.



Vurdert praksis

Kunnskapane dine, ferdigheiter og kompetansar skal vurderast i praksisperioden.

Vurderingane vil gå føre seg undervegs i form av formativ undervegsvurdering, og til slutt som summativ vurdering. Til grunn for vurderinga legg vi formuleringane om læringsutbytte frå Forskrift for rammeplan for GLU. Desse læringsutbytteformuleringane legg opp til at du skal ha ein progresjon i utviklinga av kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse gjennom alle dine praksisperiodar i studiet.

